

# BACHELOROPPGÅVE

## Beskyttelsesfaktorer og motstandsdyktighet

av

Ingebjørg Soldal

Barnevern  
BA 530 201  
2006



**Bacheloroppgåve**

**Våren 2006**



**Beskyttelsesfaktorer  
og motstandsdyktighet**

## **Innholdsliste:**

<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>s.1</b>
<b>2.0 Litteraturstudie.....</b>	<b>s.2</b>
<b>3.0 Omsorgssvikt og løvetannbarn.....</b>	<b>s.4</b>
<b>4.0 Resiliens, utviklingsteori og utviklingsøkologiske modell.....</b>	<b>s.6</b>
<b>4.1 Resiliens.....</b>	<b>s.6</b>
<b>4.2 Utviklingspsykologi .....</b>	<b>s.8</b>
4.2.1 Tilknytningsteori.....	s.9
<b>4.3 Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell.....</b>	<b>s.10</b>
<b>5.0 Beskyttelsesfaktorar, motstandskraft og omsorgssvikt.....</b>	<b>s.12</b>
<b>5.1 Kjenneteikn ved barnet sjølv.....</b>	<b>s.13</b>
<b>5.2 Barnet sin familiesituasjon.....</b>	<b>s.15</b>
5.2.1 Samspelet i familien.....	s.15
<b>5.3 Nettverket omkring barnet.....</b>	<b>s.18</b>
5.3.1 Beskyttande miljøfaktorar.....	s.18
5.3.2 Den meningsfulle andre.....	s.20
<b>6.0 Avslutning.....</b>	<b>s.22</b>

## **Litteraturlista**

**Vedlegg:** Sjølvvalgt pensum

## 1.0 Innleiing

Nokre barn ser ut til å klara seg gjennom vanskelege livssituasjonar og hendingar utan at deira psykiske helse vert øydelagd av det. Dette har vorte slått fast gjennom ulike typar studie som prøver å finna svar på kven desse kompetente og meistrande barna er, og kvifor dei klarar seg. Studia har blant anna ført til at ein har byrja å bruke omgrepet "resiliens" som samla omgrep på ei rekkje trekk som kjenneteiknar desse barna som klarar seg gjennom ulike påkjenningar utan å ta skada av det (Bunkholdt, 2000). Resiliens dreiar seg om barn som meistrar risikosituasjonar, dei barna som utviklar seg tilfredsstillande til tross for vanskelege utgangspunkt. Vitskapeleg interesse har ikkje i tidlegare vore så mykje retta mot desse barna (Borge, 2003). Men i dag er det eit velkjent fenomen at nokre av desse risikoutsette barna klarar seg tilfredsstillande gjennom livet. Desse barna vert også kalla "løvetannbarn" Det er desse barna eg vil retta fokuset mot i denne oppgåva.

Barnevernspedagogen si spesielle kompetanse har fokus på barn og unge sin familiesituasjon og nærmiljø. Som barnevernspedagog skal ein arbeida med barn og unge som har det vanskeleg og lever i risiko for negativ utvikling. Gjennom studiet tykkjer eg at det har vore mykje fokus retta mot kva det er som gjer at desse barna ikkje klarar seg, så derfor velgjer eg altså no å sjå det frå ein annan vinkel. Eg vil diskutera dei positive unntaka, og ved å analysera kva som kan føra til at nokre barn klarar seg, trur eg at ein kan få eit betre utgangspunkt for å kunna jobba med førebygging hos barn som veks opp under vilkår som er prega av omsorgssvikt. Eg vil derfor kasta ljøs over problemstillinga:

*Kva beskyttelsesfaktorar kan føra til at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre barn når det gjeld å meistra omsorgssvikt?*

Barn som veks opp i ein heim der det føregår omsorgssvikt vert utsett for større risiko for negativ utvikling enn andre barn. Eg vil derfor sjå på dei helsebringande faktorane i barnet sin utvikling som gjer at dei meistrar ein oppvekst som er prega av omsorgssvikt. Desse faktorane kan vera positive kjenneteikn hos barnet sjølv, som god sjølvtilit, pågangsmot og lett temperament. Det kan også dreia seg om beskyttande faktorar i samspelet i familien eller i nettverket rundt barnet. Fyrst vil eg gjera greie for val av metode, der det å gjera ein litteraturstudie vil stå sentralt. Deretter kjem ein presentasjon av kva omsorgssvikt er og kven "løvetannbarna" er, dette for å gje lesaren eit innblikk i kva oppgåva dreiar seg om. Eg vil så presentera nokre av dei teoretiske tilnærmingane eg meiner vert relevante når eg skal analysere beskyttelsesfaktorane som gjer at

nokre barn vert motstandsdyktig når det gjeld å meistra omsorgssvikt. Eg vil her greie ut om utviklingspsykologi, tilknytningsteori og utviklingsøkologiske perspektiv. Teoriane eg vil nytta meg av vil leggja grunnlaget for den seinare drøftinga i oppgåva. I analysedelen vil eg ta for meg dei ovannemnte sentrale elementa som ligg under beskyttelsesfaktorane. Eg vil byrja med å beskriva kjenneteikn ved barnet sjølv, der eg vil koma inn på personlege eigenskapar og temperamentet til barnet. Deretter skal eg sjå på barnet sin familiesituasjon, der eit trygt samspel kan vera ein beskyttande faktor. Til slutt i denne delen kjem ei beskriving av nettverket omkring barnet som kan vera med på å gje barnet motstandskraft, der vil eg koma inn på beskyttande miljøfaktorar og ”den meiningsfulle andre”. Gjennom heile analysedelen vil eg fokusera på at barnet er i ein omsorgssviktssituasjon.

## 2.0 Litteraturstudie

For å kunna belysa problemstillinga mi har eg føretatt ein rein litteraturstudie; det vil seia at eg har skriva ei oppgåve som er bygd på kunnskap frå bøker og andre skriftlege kjelder. Når ein gjer eit litteraturstudie fordjupar ein seg i allereie eksisterande kunnskap (Dalland, 2002). Eg har studert primærlitteratur der forfattaren tar utgangspunkt i til dømes eigen praksis og egne data, og drøftar ut i frå egne erfaringar (Jacobsen, 2000). Eg har også nytta meg av sekundærlitteratur der forfattaren tolkar andre sine vitenskapelige funn og teoretiske modellar (Dalland, 2002).

Validitet står for relevans eller gyldigheit (Jacobsen, 2000). For å kunna styrka validiteten i oppgåva mi har eg prøvd å finna nyast mogleg litteratur, for at innhaldet skal kunna gje mest mogleg truverdig kunnskap. Dette betyr at eg har analysert litteratur som gjev meg kunnskap om problemstillinga mi, og eg meiner at validiteten i prosjektet mitt er god.

I mitt litteraturstudie har eg tatt utgangspunkt i Borge si bok ”*Resiliens, risiko og sunn utvikling*” (2003). Borge har doktorgrad i utviklingspsykologi og er professor ved Psykologisk institutt ved Universitetet i Oslo. Denne boka er hovudkjelda mi i forhold til resiliensomgrepet. Då denne tar for seg kva strategiar dei barna som klarar seg på tross av vanskelege oppvekstforhold tar i bruk. Borge rettar fokuset mot sunn utvikling under risiko. Dette har vore eit viktig bidrag til analysen av problemsillinga mi. Eg nyttar meg også mykje av Killèn si bok ”*Sveket*” (2004). Killèn er ein anerkjend forskar som har utvikla mange teoriar omkring temaet omsorgssvikt, foreldrefunksjonar og barnet sine behov. Ho har tatt doktorgrad med avhandlinga ”Omsorgssvikt og barnemishandling”. Ho er utdanna sosionom og har tatt vidareutdanning innan barne- og

ungdomspsykiatrisk behandling. Killèn underviser, rettleier og gjev konsultasjonar både i Noreg og internasjonalt. Ho har jobba i barne-og ungdomspsykiatrien og vaksenpsykiatrien, og ho har skrive sju lærebøker.

Desse to bøkene er hovudsakleg primærlitteratur, i den forstand at forfattarane tar utgangspunkt i eigen praksis og drøftar ut i frå egne erfaringar. Dei har utvikla teoretiske modellar som er eit resultat av egne studiar.

Killèn er deterministisk i det ho hevdar at mennesket sine handlingar er bestemt av indre og ytre årsaker og utelukkar ein fri vilje, ho har vorte kritisert for at ho byggjer teoriane sine på eit lite utval av barn. Likevel ønskjer eg å nytta meg av Killèn, men då ved å kunna utvida vinklinga i oppgåva mi ved å nytta andre relevante kjelder opp mot ho.

Tilknytningsteori og Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell har eg fått tilgang til ved å nytta meg av sekundærlitteratur. For å kunna beskriva tilknytningsteori har eg lagt mest vekt på Aamlid (1993) sitt fagkompendium der ho har samla Bowlby sin tilknytningsteori. Omgrepet tilknytning vart tatt i bruk av John Bowlby i 1958. Han tok utgangspunkt i psykoanalysen, men har også henta inspirasjon til sin tilknytningsteori innan fleire forskingar. Bowlby sitt perspektiv på denne viktige personrelasjonen stammar frå etologien som er den biologiske utforskinga av dyr sin åtferd. Bowlby legg hovudvekta på at tilknytning er ein grunnleggande åtferd, der me enten knyter eller bryter nære band som er avgjerande for alle seinare situasjonar.

Bjerke og Svebak (2003) og Bø (2000) har tatt for seg Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell. Urie Bronfenbrenner har i dei siste 40-50 åra vore ein av dei mest refererte og synlege utviklingspsykologane i USA (Bø, 2000). Bronfenbrenner har samanfatta dei innverkande faktorane i eit oppvekstmiljø til ein omfattande, men begripeleg modell. Han kallar det ein utviklingsøkologisk modell, der han får fram korleis dei økologiske systema påverkar kvarandre og som igjen påverkar individet. Bronfenbrenner og Bowlby er anerkjende forskarar, så ved å nytta deira teoriar får eg styrka validiteten i oppgåva. Det at eg har brukt sekundærlitteratur kan skade validiteten, men på den andre sida er også forfattarane av denne litteraturen anerkjende, og teoriane er velkjende frå mange ulike kjelder.

Litteraturen har gjeve meg innsikt som har gjort det mogleg å finna fram til beskyttelsesfaktorar som gjer barn motstandsdyktige, og gjev teoretisk forankring til oppgåva mi.

### 3.0 Omsorgssvikt og løvetannbarn

Eg skal skissera opp kva faktorar som kan føra til at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre når det gjeld å overvinna omsorgssvikt, og derfor er det viktig å fyrst definera kva omsorgssvikt er.

Killèn (2000) hevdar at det er mange måtar å oppdra barn på, samtidig som det er mange ulike meiningar om oppdraging både blant foreldre, fagfolk og elles i samfunnet. Kva som vert oppfatta som god nok omsorg varierar frå land til land, innad i eitt land og frå eit tidspunkt til eit anna. Borge (2003) meiner at god og trygg oppdraging inneber å sikra barnet eit sunt liv, der ein bidrar til at barna får realisert sine evner og vera saman med andre barn. Vidare bør omsorgspersonane følgja med på kva barnet gjer, og setta grenser i forhold til barnet sin alder, modning og miljø. Varme og støttande relasjonar mellom omsorgsperson og barn, gjev positive konsekvensar for barnet sin utvikling. I den andre enden finn me familiar som kranglar, manglar evne til å oppdra barnet, omsorgspersonar som misbrukar rusmidlar og har dårleg kontakt med barna.

Killèn (2004) er ein av dei forskarane som understrekar at kunnskap frå praksis lenge har vist oss at omsorgssvikt kan ha alvorlege konsekvensar for barnet sin utvikling. Med omsorgssvikt meiner Bunkholt (2000) at foreldra eller dei som har omsorga for eit barn, ikkje gjev barnet den kjærleiken og omsorga det treng for å kunna utvikla seg normalt. Killèn (2004) framhever at omsorgssvikt oppstår når foreldre eller andre omsorgspersonar utsetter barnet for fysiske og/eller psykiske overgrep eller forsøm barnet så alvorlig at barnet sin fysiske og/eller psykiske helse står i fare. At barnet vert utsett for seksuelle overgrep, er også ein alvorleg form for omsorgssvikt.

Killèn (2004) diskuterer altså ulike formar for omsorgssvikt. Vanskjøtsel oppstår når foreldra ikkje er kjenslemessig tilgjengeleg for barnet. Fysiske overgrep er når barna vert skada ved aktiv handling eller manglande omsyn. Psykiske overgrep føregår når foreldra eller omsorgspersonar har kronisk holdning eller handling som er øydeleggande eller forhindrar utvikling av eit positivt sjølvbilete hos barnet. Dette kan til dømes vera vald, rusmisbruk, eller psykiske lidingar hos ein eller begge foreldra, eller det kan vera barn som er isolerte i trussamfunn. Seksuelle overgrep er når barn vert engasjert i seksuelle aktivitetar av vaksne, som dei verken emosjonelt, seksuelt, eller utviklingsmessig er modne for.

I alle dei ovannemnte kategoriane kan det dreia seg om omsorgssvikt i ulik grad. Omsorgssvikt kan vera av kortare eller lengre varigheit. Det kan vera retta mot spesielle situasjonar eller det kan vera kronisk. Barnet kan vera utsett for nokre eller fleire former for omsorgssvikt (Killèn, 2004).

Ein stor andel av alle barn kjem til å gjennomgå ulike meir eller mindre traumatiske opplevingar gjennom livet. Det kjem alltid til å finnast barn som får ein urimeleg porsjon ulykke og smerte gjennom oppveksten (Furman, 2000). Men det å veksa opp i ein heim med omsorgssvikt treng ikkje å føra til utvikling av problem. Det er nokre menneske som til tross for ein barndom utan støtte frå heimen likevel presterer å bryta det negative mønsteret og skapa seg eit velfungerande liv som vaksen.

Desse kan samanliknast med ein løvetann som sprenger seg veg gjennom asfalten; barna kjempar seg veg gjennom oppveksten trass hard motstand. Omgrepet løvetannbarn vert nytta på dei barna som klarar seg tilsynelatande godt på tross av omfattande omsorgssvikt. Dei bruker mykje krefter på å meistra og overleva (Killèn, 2004). Borge (2003) omtalar løvetannbarn som at dei er knytt til ei spesiell gruppe risikobarn, det er dei barna som er under barnevernet og som til tross for harde kår viser god utvikling.

Omgrepet resiliens vert også brukt om dei meistrande barna. Resiliens er eit fornorska omgrep for det engelske ordet "resilience" og vert brukt om god psykososial fungering hos barn til tross for oppleving av risiko. Det handlar om normal fungering under unormale forhold (Borge, 2003).

Meir enn halvparten av alle barn som vert utsett for risiko og stress, har i følge Borge (2003) klart seg tilsynelatande bra og unngått å utvikla alvorlege psykiske problem. Det finst ikkje ei enkel forklaring på kvifor nokre barn klarar seg bra tross stor grad av belastning. Det er mange faktorar som spelar inn når nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre, samt at det også i stor grad dreiar seg om individuelle forskjellar; alle er me ulike og reagerar ulikt. Kvart enkelt barn må finna sine særeigne prosessar for å oppnå eit betre individuelt tilvære.



## 4.0 Resiliens, utviklingspsykologi og den utviklingsøkologiske modell

Her vil eg presentera mitt teoretiske perspektiv som eg skal nytta i analysen av problemstillinga. Eg vil byrja med å forklara kva resiliens er. Deretter kjem ei grunngjeving av kvifor eg vel å ha med utviklingspsykologi som eit perspektiv i denne oppgåva. Her vil eg koma inn på tilknytningsteori og personlegdomsutvikling, dette er viktig for å kunna belysa problemstillinga om kva faktorar som kan føra til at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre når det gjeld å meistra omsorgssvikt. Eit døme på dette kan vera temperamentet til barnet. Eit barn med lett temperament vil vera enklare å hanskast med i forhold til eit vanskeleg barn. Til slutt vil eg skissera opp Bronfenbrenner sin økologiske utviklingsmodell, dette fordi den tar for seg korleis barn vert påverka av alt som føregår i miljøet rundt dei. Dette meiner eg vert hensiktsmessig å ta med fordi barnet i oppdragsprosessen vert påverka av forholda mellom foreldra og barnet sitt personlege nettverk som igjen har store konsekvensar for vekst og utvikling (Bø, 2000). Døme på dette kan vera korleis forholda på jobben påverkar sinnelaget til foreldra, som igjen påverkar åtferda til barnet.

### 4.1 Resiliens

Ordet "resilience" er opphavlig henta frå fysikkfaget, og beskriver eit objekt si evne til å koma tilbake til utgangspunktet etter å ha vore strekt eller bøygd. Brukt på menneske betteiknar resiliens personar som har vore utsett for ei eller anna form for markant belastning i livet sitt, men som likevel klarar å koma tilbake til utgangspunktet utan varige mèn (Waaktaar og Christie, 2000). Det er vanskeleg å finna eit like dekkande ord for resilience på norsk. Omgrepet "motstandskraft" vert ofte brukt som ein forklaring for ordet "resilience". Men i følgje Borge (2003) er ikkje dette eit like dekkande ord. Dette fordi det framhever individet for mykje framfor heilskapen i miljøet rundt individet. Waakter og Christie (2000) valgte å bruka "resilience" uoversett i deira handbok om resilienceegrupper for barn med psykososiale belastningar. Dei forklarar at omgrepet "resilience" omfattar komplekse samspel mellom ein person og ein situasjon som vert avgjerande for belastningane på det enkelte menneske. Dei meiner også at omgrepet "motstandskraft" ikkje set fokus på samspelet til individet i same grad.

Vidare diskuterer Borge (2003) i kva grad ein kan nytta seg av omgrepet "meistring" framfor resiliens. Meistring skil seg frå resiliens; når det er snakk om meistring dreiar det seg i større grad om læring. Ein kan ikkje læra resiliens på same måte fordi det vert utvikla i det verkelege liv i samspel med risikoen som barnet vert utsett for samt barnet sin eigenart. Ein treng ikkje

nødvendigvis å vera utsett for risiko for å kunna meistra. Alle kan verta betre til å meistra kvardagen og problema sine. Når ein derimot utviklar resiliens må det vera knytt til risiko. Resiliens vert altså oppnådd via eit samarbeid mellom barnet sine individuelle eigenskapar og miljøet sine eigenskapar.

På bakgrunn av det eg har lest vel eg i likhet med Borge (2003) å nytta meg av "resilience" som eit psykologisk omgrep i fornorska form. Men eg vil også nytta meg av omgrepa meistring og motstandskraft, dette fordi dei er sentrale fenomen innanfor dei beskyttelsesfaktorane som barnet nyttar seg av for å kunna meistra omsorgssvikt i heimen. Det vert også sentralt å nytta seg av dette når eg skal analysere problemstillinga mi.

Briten Michael Rutter, ein ledande barnepsykiater som har vore ein av dei viktigaste bidragsytarane til resiliensforskning. Derfor vel eg i stor grad å basera meg på hans definisjon av resiliens. Han definerer omgrepet på fylgjande måte:

*"Resiliens er prosesser som gjør at utviklingen når et tilfredsstillende resultat, til tross for at barn har hatt erfaringer med situasjoner som innebærer en relativt stor risiko for å utvikle problemer eller avvik"* (Borge, 2003, s. 15).

Det dreiar seg altså om barn som lever under dårlege oppvekstvilkår der utviklinga deira står i fare, men trass i desse i harde kåra unngår desse motstandsdyktige barna å utvikla problem og oppnår dermed ei positiv utvikling. For å illustrera resiliens nyttar Borge (2003) seg av omgrepet "polar". Ho hevdar at dei ulike reaksjonsmåtene strekker seg frå ein positiv til ein negativ pol. Barn som klarar seg bra kretsar rundt den positive polen, då snakkar ein om god utvikling hos risikobarn. Andre barn vil reagere med avvik og kretsar dermed rundt den negative polen. Då snakkar ein om ei problemfylt utvikling. Borge (2003) konkluderar med at resiliens er den positive polen i barnet sine reaksjonar på stress og elendigheit.

Det er ikkje snakk om ein type resiliens og ein type risiko. På same måte som risikoen barnet vert utsett for varierer, vil også resiliens variera i form av grad av psykisk velvære (Borge, 2003). For å få fram kva resiliens er, er det nødvendig å forklara kva risiko kan innebera. Borge (2003) skil mellom tre typar risiko. Individuell risiko er når det dreiar seg om til dømes biologiske medfødte problem, problem frå komplikasjonar under fødselen samt utvikling av alvorlege tilpassingsproblem. Familierisiko dreiar seg om risiko som er knytt til omsorgspersonane og deira

foreldrerolle. Døme på risiko i slike tilfelle kan vera mentale eller somatiske problem, alkoholmisbruk hos foreldra eller disharmoniske ekteskap. Vidare kan hyppige, alvorlege kranglar, mangelfull evne til å setja grenser for barna, omsorgssvikt og mishandling vera formar for risiko. Dette er direkte risikofaktorar fordi dei angår barnet sin kvardag. Den tredje hovudgruppa av risiko er indirekte risikofaktorar fordi dei rammar familien og kan forverra forholda i heimen. Desse faktorane er av samfunnsmessig art. Det handlar om katastrofar som utgjer ein samfunnsmessig risiko, det kan vera menneskeskapte og naturskapte katastrofar.

Sentralt i forståinga av resiliens er det at resiliens er noko anna enn og meir enn det å unngå ein problemfylt livssituasjon. Ein passe dose risiko er ein nødvendig føresetnad for å kunna utvikla resiliens. Resiliens førekjem både som eingongsfenomen og som vedvarande prosessar (Borge, 2003). Waaktaar og Christie (2000) får fram at det dreiar seg om svært komplekse samspel mellom ei rekkje faktorar både i personen og samspelet, som igjen vert avgjerande for utfallet av belastninga for kvart enkelt menneske. Borge (2003) påpeikar at dersom risikofaktorane skal vera negative må det førekomma i alvorleg grad, det vil seia at det må skje ofte og ramma barnet direkte. Det er det enkelte barnet sin reaksjon på risiko som er det sentrale, ikkje så mykje kva type risiko det dreiar seg om. Kort sagt dreiar resiliens seg om normal fungering under unormale forhold, det dreiar seg om å handle riktig i ein risikofylt samanheng. Dei barna eg skal ha fokus på er offer for forhold som kan hemma normalutviklinga, og derfor vil eg no skissera opp sentrale trekk innanfor utviklingspsykologien.

## **4.2 Utviklingspsykologi**

For å kunna belysa problemstillinga mi vil eg altså anvenda utviklingspsykologi, fordi hendingane i barnet si utvikling verkar inn på det fenomenet at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre. Eg vil i forlenginga av dette også ta med tilknytningsteori og personlegdomsutvikling då dette vert viktige faktorar å diskutera i forhold til korleis nokre barn utviklar seg til å verta meir resiliente enn andre.

Utviklingsteoriar er teoriar som skildrar og forklarar barnet si utvikling (Bunkholdt, 2000). Utviklingspsykologi er læra om dei psykologiske forandringane som skjer frå unnfangelse til døden (Bjerke og Svebak, 2003). Bunkholdt (2000) omtalar utvikling som prosessen der eit barn veks opp og forandrar seg gjennom sitt livsløp. Både Sigmund Freud og Erik Erikson har vore sentrale forskarar innan utviklingspsykologien. Dei kom fram til utviklingsmodellar som omfattar at menneske gjennomlever ei bestemt rekkjefølgje av stadium. Freud la spesielt vekt på det som

skjer dei fyrste fem leveåra, og han meinte at grunnlaget for den vaksne personlegdommen vert lagt i denne perioden. Erikson tok i større grad utgangspunkt i at dei utfordringane og konfliktane som me møter seinare i livet har mest å seia for personlegdomsutviklinga (Bjerke og Svebak, 2003).

Vidare får Bjerke og Svebak (2003) fram at utviklingspsykologien er opptatt av tre grunnleggande tema. Arv og miljø spelar ei stor rolle i utviklinga. Bunkholdt (2000) påpeikar at samspelet mellom arvelege forhold og miljømessig påverknad og læring sikrar utviklinga av dei fleste kjenneteikn hos menneske. Nokre trekk hos mennesket er arveleg betinga som til dømes augefarge. Men dei fleste andre trekk vert danna gjennom samspelet mellom arv og miljø, døme på dette er barnets åtferd. Waaktaar og Christie (2000) får fram at barnet kan vera utstyrt med medfødte annlegg som ein har arva, og på grunnlag av dette kan barnet utvikla eigenskapar som kan vera av beskyttande faktor. Eit døme på dette kan vera barnet sitt gode sjølvbilete. Bjerke og Svebak (2003) poengterer at utviklingspsykologien også er opptatt av korleis individuelle skilnadar oppstår. Dette vert viktig å nytta seg av når eg vil sjå på temperamentet som er ein individuell skilnad, som igjen er avgjerande for korleis barnet knytter seg til omsorgspersonen. Desse sentrale tema vil eg nytta for å kunne svara på kva faktorar som kan føra til at nokre barn meistrar omsorgssvikt betre enn andre. Bjerke og Svebak (2003) får også fram at utviklingspsykologien legg vekt på spørsmålet om utviklinga er gradvis og kontinuerlig, eller om den går gjennom kvalitativt ulike stadium.

#### **4.2.1 Tilknytningsteori**

Innanfor utviklingspsykologien vil eg leggja mest vekt på tilknytningsteori, dette fordi det er ein teori om personlegdomsutvikling, om korleis personlegdomen vert danna gjennom tilknytning med andre personar (Aamlid, 1993). Personlegdom dreiar seg om utviklinga av ulike sider ved dei grunnleggande haldningane ein har til seg sjølv og andre. Slike grunnleggande haldningar består av tankar, kjensler og åtferd som er typisk for det enkelte mennesket. Desse er avgjerande for korleis ein forhold seg til andre menneske, seg sjølv og til ulike situasjonar. Denne utviklinga er eit resultat av samspelet mellom medfødte faktorar og erfaringane ein gjer seg i samspelet med omverda. Dette er viktig for korleis ein utviklar seg som individ og tilpassar seg det sosiale, som igjen er avgjerande for om ein utviklar motstandskraft (Bunkholdt, 2000). Dei resiliente barna er tilpassingsdyktige og har ofte ein sterk personlegdom med god sjølvtilit. God sjølvtilit er ein beskyttande faktor som kan vera med på å styrka barnet sin motstandskraft når det gjeld å meistra

omsorgssvikt i heimen. Barn som i motsetning er utrygge på seg sjølv har større problem med å takla risiko. Dette vil eg koma inn på og diskutera i analysedelen.

John Bowlby sine studier er sentrale når det gjeld tilknytningsteoriar, og ein kan forklara tilknytning som barnet sine kjenslemessige forbindingar til omsorgspersonen (Bunkholdt, 2000). Med tilknytingsåtferd meiner Bowlby signal som smil og gråt, og bevegelsar som aukar sjansen for fysisk nærleik til ein tilknytingsperson. Bowlby har delt inn tilknytninga i tre hovudmønster. Det er snakk om sikker tilknytning når barnet er trygg på foreldra i møte med skremmande situasjonar. Ambivalent tilknytning er når barnet er usikker på om foreldra vil vera der når barnet treng det. Til slutt kallar ein det avvisande tilknytning der barnet ikkje har noko tiltru til at omsorgsperson vil vera hjelpsam når det ber om omsorg. Desse to siste kategoriane vert også kalla utrygg tilknytning (Aamlid, 1993). Vidare seier Bjerke og Svebak (2003) at tilknytning er det emosjonelle bandet mellom barnet og omsorgsgivar, uttrykt som nærleikssøking, protest ved skilling og glede ved gjensyn.

Bowlby får fram at alle treng å ha ein trygg, personleg base som ein kan gå ifrå for å kunna utforska verda, og som ein kan venda tilbake til når ein vil. Tilknytingsåtferd er mest tydeleg når ein person er redd, sliten eller sjuk og vert behandla med trøyst og omsorg. Det gjev ein person ei sterk og gripande kjensle av tryggleik å vita at ein tilknytingsperson er tilgjengeleg og forståingsfull. Dette fører til at relasjonen vert verdsett og oppretthaldt (Aamlid, 1993).

No har eg tatt for meg det utviklingspsykologiske perspektivet og tilknytningsteori. Vidare skal eg ta for meg miljøet rundt barnet, då det kan finnast faktorar av beskyttande meaning for barnet der.

### **4.3 Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell**

Barn og unge si identitetsdanning er viktig for korleis dei kan utvikle seg til å verta meistrande barn. For å kunna gje eit meir balansert bilete på miljøets betydning for utvikling av identitet og personlegdom hos barnet vil eg nytta Bronfenbrenner sin økologiske utviklingsmodell. Dette er vesentleg for å belysa kva faktorar som kan føra til at nokre barn meistrar omsorgssvikt i heimen betre enn andre. Miljøet rundt barnet kan bidra til at barnet utviklar resiliens i den forstand at det finn trengande støtte og omsorg utanfor heimen. Eit døme på dette kan vera "den meningsfulle andre".

Bjerke og Svebak (2003) poengterer at økologi er læra om samspelet i naturen; om korleis ulike prosessar heng saman og påverkar kvarandre. Me er alle delar i eit samansatt og organisk økologisk system. Me vert påverka av ei rekkje sosiale, fysiske og kjemiske faktorar, samtidig som me sjølve påverkar miljøet. Eit døme på dette samspelet kan vera at barnet sitt temperament og oppførsel vil påverka deira omgjevnadar som til dømes skuleklassen dei er deltakarar i. Skuleklassen til barnet vil i sin tur påverka barnet på ein ny måte.

Bronfenbrenner skildrar dette samspelet i sin utviklingsøkologiske modell. Han samanfattar innverkande faktorar i eit oppvekstmiljø til ein fullstendig modell (Bø, 2000). Bronfenbrenner deler denne modellen, som også vert kalla systemteori, inn i ulike nivå som han kallar mikrosystem, mesosystem, eksosystem og makrosystem (Bjerke og Svebak, 2003).

Mikrosystemet er det primære miljøet som barnet utviklar seg innanfor. Familien er den viktigaste institusjonen i miljøet. Her finn me situasjonar der barnet deltar i personleg kontakt, der barnet påverkar familien og igjen vert påverka av familiemedlemma (Bjerke og Svebak, 2003). I følge Bø (2000) kan ein kalla dette for barnet sitt eige sosiale nettverk. Det er her barnet regelmessig er i samspel med familie, barnehage, venner og klassekameratar.

Mesosystemet vert definert som forholdet mellom to eller fleire av dei situasjonane som barnet deltar i innanfor mikrosystemet. Det kan til dømes vera forholdet mellom foreldre og læraren eller mellom foreldra og barnet sine vennar. Slike forhold er prega av ulike normer og reglar og kan dermed påverka barnet i ulike retningar (Bjerke og Svebak, 2003). Når det dreiar seg om barn kan døme på dette vera forholdet mellom heim og skule, forholdet mellom heim og kamerat eller forholdet mellom fritidsmiljø, skule og heim (Bø, 2000). Bronfenbrenner legg stor vekt på meso som ein pedagogisk ressurs. Når ein tek for seg ein faktor som påverkar utviklinga, kan ein lett oversjå korleis denne faktoren sjølv heng saman med andre faktorar i barnet sitt miljø (Bjerke og Svebak, 2003). Dette vert viktig i analysen av problemstillinga for å kunna få fram kva miljøpåverknadane har å seia for utviklinga av personlegdommen til barnet. Dette kan til dømes vera godt sjølvbilete eller lett temperament, som igjen kan verta ein beskyttande faktor for barnet sin motstandsdyktigheit mot tøffe oppvekstvilkår.

Eksosystemet skildrar situasjonar i barnets miljø som kan ha meining for barnet utan at det sjølv nødvendigvis deltar i det (Bjerke og Svebak, 1997). Bø (2000) får fram at det dreiar seg om indirekte verknadar og brukar blant anna jobben til mor som døme. Dersom mor trives på jobb,

opplever sjølvverd og veks som menneske, påverkar dette igjen samhandling innad i familien, mor sitt ”overskot” vert delt med resten av familien og vil mest sannsynleg påverka familien positivt.

Bjerke og Svebak (2000) skriv at makrosystemet omfattar det mønsteret av verdiar, haldningar, tradisjonar, økonomisk struktur, ideologi og religion som eksisterar i den kulturen barnet deltar i. Bø (2000) seier at faktorar frå desse mønstra går inn i dei lågare systema, og bind det heile saman slik at det set sitt preg på omgjevnadane og samspelet. Dette systemet vert imidlertid mindre viktig når eg skal belysa problemstillinga mi, så eg vel heller å ta utgangspunkt i dei tre lågare systema.

Delane innanfor det økologiske systemet påverkar kvarandre, og systemet forandrar seg kontinuerleg over tid. Mikrosystemet vil ha størst meining for spedbarnet, medan venner, skule, media og generelle verdiar vil få meir innflytelse seinare i barndommen (Bjerke og Svebak, 2000).

Når eg no har presentert dei teoretiske tilnærmingane der hovudelementa er resiliens, utviklingspsykologi, tilknytningsteori og utviklingsøkologisk perspektiv. Vil eg i neste del nytta meg av desse perspektiva, og ut i frå det analysere problemstillinga mi.

## **5.0 Beskyttelsesfaktorar, motstandskraft og omsorgssvikt.**

I analysen vil eg ta for meg nokre av dei mest sentrale beskyttelsesfaktorane som kan føra til at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre når det gjeld å meistre omsorgssvikt i heimen. Eg vel å byrja med å sjå på dei individuelle beskyttelsesfaktorane hos barnet sjølv, det kan vera kjenneteikn hos barnet som til dømes god sjølvtilitt. Når eg skal diskutere dei nemnte faktorane, vert personlegdomsutviklinga og barnet sine medfødde ressursar det sentrale teoretiske rammeverket. Deretter vil eg koma inn på familiesituasjonen til barnet. Der vil eg bruka utviklingspsykologi og tilknytningsteori for å få fram kva som kan vera beskyttande faktorar i samspelet i familien. Til slutt skal eg ta for meg nettverket rundt barnet og familien som også kan vera av beskyttande faktor. Desto meir nettverket bidrar til å bekrefte felles normer og verdiar, desto betre sjanse har barnet for å utvikla motstandskraft. Ut i frå det eg har lese viser det seg at den aller viktigaste faktoren til at barn utviklar motstandskraft og meistrar omsorgssvikt i heimen er at barnet kjem i samspel med ein påliteleg annan vaksen person i nettverket. Dette vil eg leggja

mykje vekt på og koma inn på i siste del. Gjennom heile drøftingsdelen vel eg å ta utgangspunkt i at barnet er i ein omsorgssviktssituasjon der foreldra har dårleg evne til å gje dei tilstrekkelig med omsorg.

## **5.1 Kjenneteikn ved barnet sjølv.**

Her vil eg ta for meg kjenneteikn ved barnet sjølv som kan føra til at det er meir motstandsdyktig enn andre barn når det gjeld å meistra omsorgssvikt.

Eigenskapar er eit omgrep som vert brukt om skildring av ein person sine særkjenneteikn, oftast som forklaring på ein bestemt åtferd. Eigenskapar omfattar kva menneske uttrykker eller føretek seg på ein spesiell måte og med ein viss hyppigheit, slik at det kan kallast typisk for deira måte å oppføra seg på (Elsborg m.fl, 1999) Eg vil sjå på eigenskapar hos det motstandsdyktige barnet som har ført til at dei har vendt sin livssituasjon i ein positiv retning. Dette vil vera eigenskapar som god sjølvtilitt, pågangsmot i barnet sjølv og eit lett temperament som alle er eigenskapar som utgjer beskyttande faktorar.

Ut i frå det eg har lese er eit kjenneteikn som går igjen hos dei fleste motstandsdyktige barna det gode sjølvbiletet (Gjærum m. fl, 1998). Sjølvbiletet er det generelle synet ein har på seg sjølv. Me definerar oss sjølve ut i frå dei verdiane og normene som gjeld i det sosiale miljøet rundt oss. Sjølvbiletet vert også påverka av kva andre meiner om oss (Bjerke og Svebak, 2003). Ein kan seia at sjølvbiletet er ein del av personlegdommen vår som vert danna gjennom utviklinga. Personlegdommen vår består av våre tankar om oss sjølv og andre, som igjen vert ein del av det enkelte individ sitt kjenneteikn og særpreg.

Gjennom oppveksten og utviklinga vert grunnlaget for korleis me til slutt vert som sjølvstendig individ lagt. Personlegdommen vår er prega av korleis me har hatt det i oppveksten. Waaktaar og Christie (2000) fremje at i møtet mellom barnet sine behov og dei faktiske erfaringane med omgjevnadane, gjer barnet seg verkelege erfaringar der sjølvbiletet og barnet sin grunnleggande tillit til omverden gradvis vert bygd opp. Elsborg m.fl (1999) framhevar også at i utviklingsprosessen får barnet utforska og bekrefte sin kompetanse og eigen verdi, gjennom dette samspelet vil barnet utvikla sjølvtilitt og sjølvverdi. Denne utviklinga vil vera avgjerande for om barnet tør å kasta seg ut i nye utfordringa. Samla vert det skapt grobotn for at barnet sine negative opplevingar vert avløyst av det positive sjølvbiletet. Ut i frå den litteraturen eg har samla inn vel eg å tru at sjølv om ein vert utsett for omsorgssvikt kan ein skapa eit positivt sjølvbiletet. Ein kan



til dømes få støtte til denne positive utviklinga frå ein meiningsfull annan. Dette vil eg koma nærmare inn på seinare i analysen.

Barn som har lita tru på seg sjølv og som gruar seg til å gjera noko dei sjølv meiner er rett, er meir sårbare for påkjenning enn andre. Barn med sjølvtrillit og pågangsmot taklar påkjenningar betre (Borge, 2000). Dei er barna som kjempar seg veg gjennom motstanden ved at dei har trua på seg sjølv, dei får dermed eit betre individuelt velvere, som igjen kan føra til at dei vert meir motstandsdyktige enn andre barn som har dårleg sjølvtrillit og manglar tru på seg sjølv.

Eg vel å tru at det som er grunnleggande for at barnet skal kunna utvikla eit individuelt velvere til tross for mykje motstand er at ein sjølv må vilja å meistra sitt eige tilvære, ein må ha pågangsmot og trua på seg sjølv og livet. Elsborg m.fl, (1999) får fram at det å vera bevisst på sitt eige liv, samtidig som ein oppdagar at livet har mening, kan vera ein beskyttande faktor hos barnet sjølv. Borge (2000) påpeikar at det ligg ein beskyttande verknad i å kunna planlegga livet sitt. Ein kan seia at evna til å planlegga fungerer som eit middel til å unngå risikosituasjonar. Vidare seier Waaktaar og Christie (2000) at barn som lever under omsorgssvikt i heimen vert utsett for kriser og belastningar som er uoversiktlege og utanfor barnet sin kontroll. For dei barna som klarar å overleva desse belastningane synes det å ha ein slags kontroll over situasjonen i seg sjølv å vera av stor betyding.

Eit anna kjenneteikn ved barnet som eg vel å diskutera her er temperamentet. Egidius (1996) definerar temperament i sitt psykologiske leksikon. Temperament er ein meir eller mindre arveleg betinga tendens til å reagera på bestemte måtar, det kan til dømes vera ein pessimistisk, godlynt, hissig eller vennleg måte også vidare. Thomas, Chess og Birch (i Bunkholdt, 2000) har lagt grunnlaget for undersøking av temperamentet. Dei meiner at spedbarnet påverkar sine omgjevnadar på fleire måtar. Ein av disse påverknadskjeldene er det temperamentet barnet er født med. Vidare delte dei spedbarna inn i tre ulike kategoriar. Desse kategoriane er lette barn, vanskelege barn og reserverte barn. Lette barn såg ut for å vera nøgde, lette å roa, omstilte seg raskt til endringar, og hadde ein god døgnrytme. Dei vanskelege barna var meir negative i sin haldning, hadde uregelmessige rytmar, dei var unnvikande til noko nytt og græt mykje. Den siste kategorien omfatta dei reserverte barna, som var noko negative, trekte seg vekk frå det som var nytt, hadde lav intensitet og aktivitetsnivå og var skye (Bunkholdt, 2000). Ut i frå dette ser ein at det å ha eit vanskeleg eller reservert barn gjev ein mykje meir arbeid og bry enn det å ha eit lett barn. Når det gjeld å veksa opp i ein heim med omsorgssvikt vil eg seia at det å vera eit spedbarn

med lett temperament kan verta ein beskyttande faktor. Foreldre som utsett barna sine for omsorgssvikt har allereie ein del problem å forholde seg til frå før av, og slit med å gje barnet tilstrekkelig med omsorg. Så dersom barnet i tillegg har eit vanskeleg temperament kan det vera ein risikofaktor i seg sjølv.

Borge (2003) får også fram at eit vanskeleg sinnelag hos eit barn kan utløysa uønska reaksjonar frå søsken og dei vaksne i familien. Dette skapar igjen påkjenningar hos den vaksne, som i dette tilfelle mest sannsynleg strevar med eigne og andre problem i tillegg. På den andre sida inneber eit lett, sosialt temperament mindre risiko for barnet, noko som igjen kan vera av beskyttande faktor. Dette vil ha avgjerande meining i ein heim der det føregår omsorgssvikt, sjølv om allereie omsorgsevna til foreldra er redusert. Som eg nemnte i teoridelen leverer arv og miljø eit vesentleg bidrag til utviklinga hos barnet. Waaktaar og Christie (2000) hevdar at når det gjeld arv, skil resiliente barn seg ut ved at det er fråvær av arvelige belastningar i slekta, kombinert med indre robust. Det kan vera at barnet er utrusta med eit lett temperament som gjev gode sosiale ferdigheitar samt gode intellektuelle ressursar. Som sagt kan eit lett temperament føra til at barnet vert meir resilient enn andre barn som ikkje har denne eigenskapen.

Eg har her diskutert beskyttelsesfaktorane som er ein del av barnet sjølv, og som kan medføre at dei taklar risikofylte oppvekstbetingelsar. Desse faktorane er god sjølvtilitt, pågangsmotet til barnet og korleis eit lett temperament påverkar barnet si evne til å takla risiko. Vidare vil eg ta for meg barnet sin familiesituasjon og faktorar som kan vera av beskyttande meining innanfor det.

## **5.2 Barnet sin familiesituasjon.**

Familien har gjennom alle år vore den viktigaste oppvekstarenaen for barn og unge. Slik er det også i dag. Eg vil i denne delen diskutera kjenneteikn ved familien og barnet sine nære relasjonar som kan ha beskyttande effekt på barnet, eg vil også diskutera korleis barna meistrar kvardagen til tross for alvorlege manglar ved familien og foreldra si omsorgsevne. For å kunna belysa dette vil eg anvenda utviklingspsykologi og tilknytningsteori.

### **5.2.1 Samspelet i familien**

I samspelet mellom foreldra og barnet finn ein altså også beskyttelsesfaktorar som kan vera av meiningsfull betydning for å kunna meistra omsorgssvikt i heimen. Bunkholdt (2000) får fram at omsorgspersonane sitt engasjement og korleis dei er tilgjengelige for barnet har avgjerande

meining for korleis barnet sin personlege utvikling skal verta. Personlegdommen er prega av tilknytingsforholdet mellom omsorgsperson og barnet.

Bowlby får fram at tilknytning dreiar seg om relasjonen mellom omsorgspersonen og barnet, dersom tilknytingspersonen er tilgjengelig og forståingsfull vert tilknytninga trygg.

Teoretikarar og politikarar har lenge betrakta barnet sine fyrste leveår som særleg kritiske. Det er i denne perioden at barnet utviklar grunnleggande tryggleik og tilknytning til foreldra eller andre omsorgspersonar (Killèn, 2004). Vidare poengtere Killèn (2004) at eit barn som vert utsett for omsorgssvikt i dei fyrste leveåra, vil utvikla ei utrygg tilknytning til foreldra, og dei vil ha vanskar med å etablere tillit til andre. Dei vil etter kvart utvikla eit negativt bilete av både seg sjølv og omverda. Furman (2000) hevdar på den andre sida at dersom barn går glipp av ei viss erfaring i sitt tidlege forhold til foreldra, så er ikkje det så skadeleg for utviklinga som ein trur. Dette fordi barnet kan få moglegheit til å få liknande opplevingar i sitt forhold til andre menneske. Eit eksempel på dette er at barn som vert utsett for omsorgssvikt og utrygg tilknytning i barndommen, seinare i utviklinga kan møte ein meningsfull person som dei knyter seg til. Barnet kan då utvikla eit positivt tilknytingsmønster til denne personen sjølv om deira tidlegare tilknytingsmønster til omsorgsperson i heimen har vore negativt.

Vidare viser Killèn (2004) til at barnet sin tilknytning kan sjåast på som overlevingsstrategiar, alle barn må knyta seg til sine omsorgspersonar uansett korleis dei vert behandla for å kunna overleva. Men dei tilknyter seg på ulikt vis avhengig av det kjenslemessige samspelet mellom omsorgsperson og barnet. Kvaliteten på samspelet og relasjonane mellom foreldre og barn kan variera frå god til dårleg. Dette verkar inn på korleis barnet taklar effekten av omsorgssvikta det vert utsett for. Dårlig kontakt, lite ros og lite engasjement og innleving i barnet svekkar barnet sitt sjølvbilete og trua på seg sjølv. Dette gjer det vanskelegare for barnet å takla risikoen det vert utsett for (Borge, 2000). På den andre sida vil foreldre som utset barnet sitt for omsorgssvikt, men likevel klarar å gje barnet eit godt samspel med faste strukturar, reglar og grenser, kunna føra til at barnet utviklar seg positivt, og til slutt vert eit sjølvstendige individ (Killèn, 2000). Innanfor dette trygge samspelet mellom barnet og dei vaksne utviklar barnet altså kompetanse. Kompetanse visar seg ved at barnet kan noko, at det er til nytte, at det får og kan ta ansvar, og at det til slutt utfoldar nestekjærleik og møter og meistrar motgang. Dette gjev barnet ei oppleving av høg eigenverd som igjen kan vera ein beskyttande faktor hos barnet (Bunkholdt, 2000).

Det er proveleg at det tilknytingsmønsteret som eit barn utviklar saman med mor er eit resultat av korleis mor har behandla barnet. Bolwby understrekar at sensitive mødre har barn med trygg tilknytning (Aamlid, 1993). Dei er følsame ovanfor barnet sine signal, dei er tilgjengelige og gjev respons, dei aksepterar barnet sin åtferd og samarbeider med barnet. Barna vert dermed ikkje krevjande og ulykkelege, men vert prega av å stola på seg sjølv, dei har god sjølvtilitt, tiltru til mor, og gleder seg over selskapet til mor. Dei insensitive mødrene derimot ignorerer barna, og blander seg uheldig inn i barnet sine aktivitetar eller avviser dei. Barna vert ulykkelege, engstelege eller vanskelege (Aamlid, 1993). Dette viser at det å ha trygg tilknytning til mor er ein beskyttande faktor i seg sjølv. Det at barn har ei tilknytning til si mor betyr at barnet er sterkt disponert for å søkja kontakt med omsorgsgivar når dei har behov for det. Dermed kan barnet få tru på seg sjølv og tore å utforske verda fordi det har ein trygg base å koma attende til. Waaktaar og Christie (2000) fremjar at resiliensforskning viser at det er skilnadar på foreldre-barn-samspelet, samt at resiliensforskning viser at andre enn mor kan fylle denne tilknytninga så lenge det er stabilt og personen er tilgjengeleg for barnet.

Når det er snakk om beskyttelsesfaktorane i familien, vert det hensiktsmessig å ta med at det at ein av omsorgspersonane fungerer kan vera av stor meining. Då kan barnet få dekkja mange av behova sine hos den eine av desse. Så dersom mor utset barnet for omsorgssvikt kan tilknytninga til far vera ein beskyttande faktor. Gjærum m.fl (1998) poengtere at i dei tilfelle der omsorgsevna til begge foreldra er redusert, har det motstandsdyktige barnet hatt evna til å få den positive omsorga som samla sett er mogleg i familien. Det kan vera at barnet finn tilstrekkelig støtte og omsorg hos søsken.

Barn som viser forholdsvis sunn tilpassing under vanskelege familieforhold, gjer bokstaveleg talt noko med sin eigen vanskelege situasjon (Borge, 2000). Barna har ressursar til å følgja håpet dei har om eit meir innhaldsrikt liv. Ein veks som menneske gjennom sine mange erfaringar.

Her har eg sett på korleis samspelet innad i familien som eit mikrosystem kan vera ein beskyttande faktor. No ønskjer eg ta det eit steg vidare, ved å sjå på nettverket sine fleire mikrosystem som barnet bevege seg innanfor.

### **5.3 Nettverket omkring barnet.**

Som tidlegare nemnd representerar familien den viktigaste og mest verdifulle ramma rundt barnet sin oppvekst. Men eit trygt og inkluderande nettverk spelar også ei stor rolle. Nettverket er med på å gje barnet samvær og aktivitet med andre menneske, som igjen fører til at barnet får tilhøyring i eit større fellesskap. Bø (2000) definerer nettverket som eit sosialt system som består av varige relasjonar mellom enkelte personar, i grupper eller i institusjonar og som igjen gjev ei oppleving av fellesskap. Borge (2000) meiner at god sosial tilpassing eller sosial kompetanse er noko av det viktigaste barn skal læra seg gjennom oppveksten. Dette ganske enkelt fordi me menneske er sosiale individ. Waaktaar og Christie (2000) poengterer at mange av dei faktorane som har vist seg å vera avgjerande for at nokre barn klarar seg, er forhold som ligg utanfor dei sjølv. Det kan vera spesifikke kjenneteikn ved belastninga eller omgjevnadane rundt barnet. Derfor meiner eg det her til slutt er hensiktsmessig å ta for seg kva tilgang på trengande støtte og omsorg utanfor heimen kan ha å seia for at barnet meistrar det å veksa opp i ein heim med omsorgssvikt. Dette vil eg få fram ved å sjå på beskyttande miljøfaktorar og den meiningsfulle andre. For å belysa disse to fenomenane som beskyttande faktorar vil eg nytta meg av Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell og tilknytningsteori.

#### **5.3.1 Beskyttande miljøfaktorar**

Opplevinga av å vera ein del av eit fellesskap har meining for personen sin tiltru til seg sjølv og hans eller hennar vurdering av eigne moglegheiter (Elsborg, mfl, 1999). Borge (2003) seier blant anna at gjennom nettverk kan barnet utvikla sosial kompetanse og dermed få auka sjølvtilitt. Dette kan som tidlegare sagt vera ein beskyttande faktor for barnet. Barna vil vera ein del av ulike mikrosystem. Bronfenbrenner omtalar mikrosystemet som alle dei situasjonane der barnet sjølv er tilstades, der det gjer noko sjølv og vert påverka av andre som er tilstades. Jammaldergruppa er eit slikt viktig mikrosystem (Bø, 2000). Det at barnet har ei gruppetilhøyring med andre i same alder viser seg å kunna ha ein beskyttande effekt (Waaktaar og Christie, 2000). Nokre barn er sjenerte, medan andre er engstelige og unngår sosiale grupper mest mogleg. Borge (2003) hevdar at venner er uunnverlige i prosessen som må til for å utvikla alderstilpassa sosial kompetanse. Ein vert ikkje eit sosialt velfungerande individ dersom ein er isolert frå andre barn på same alder. Sosial kompetanse er viktig for å kunna møte utfordringar i oppveksten og i det seinare vaksne liv (Borge, 2003). Denne kompetansen kan ein oppnå ved å delta aktivt i ulike mikrosystem som for eksempel skuleklassen.

I venneflokket utviklar barnet eit bilete av kva og kven ein er. Eit tillitsforhold til andre barn kan gje barnet ein aksept på seg sjølv som person som dei ikkje har opplevd før i livet. Dette samholdet med vennane kan vera med på å gje barnet trua på eit liv med eit kjenslemessig forhold til andre, og har stor meining for sjølvbilete til barnet (Elsborg, med fleire, 1999). Tilhøyring i ei jamnaldergruppe kan på den andre sida vera av negativ effekt dersom gruppa vel verdiar og handlemåtar som er i sterk opposisjon til storsamfunnet sine normer (Waaktaar og Christie, 2000)

Fritidsaktivitetar som barnet kan delta i utgjer andre døme på mikrosystemet til barnet. Eigne erfaringar om å kunna noko kan gje ei kjensle av meistring og gje barnet styrke. Ei slik kjensle kan barnet få gjennom fritidsaktivitetar dei deltek i, dette kan gje barnet stabilitet i livet som igjen kan føra til at dei meistrar konsekvensane av omsorgssvikta ein vert utsette for. Elsborg m.fl (1999) poengterer at eiga interesse for fritidsaktivitetar kan vera beskyttande faktorar for barnet. Korleis barnet taklar utfordringa i aktiviteten kan utvikla sjølvbilete og gje godkjenning. Waaktaar og Christie (2000) påpeikar at nokre barn finn si interesse i ein hobby som dei kan bruka ressursane sine på, som igjen gjev dei positive effektar av å meistra godt. Borge (2003) får også fram at det at barnet finn styrke i sin sosiale fungering kan føra til at barnet vert mindre sårbart ovanfor problema dei møter i heimen. Gleda av å få til noko utviklar ei kjensle av sjølvtilitt og eigenkompetanse som igjen legg grunnlaget for å kunna styra sitt eige liv

Barnehage og skule kan vera beskyttande faktorar på den måten at dei kan bekrefte barnet sine behov for støtte og omsorg som dei ikkje får dekkja i heimen. Bø (2000) får fram at barnehage eller skule og familien er to ulike mikrosystem der forholdet mellom desse kan definerast som mesosystemet. I dette mesosystemet føregår det samhandling i forholdet mellom personalet og omsorgspersonane, og dette samspelet påverkar igjen barnet. Ofte vil nok samspelet i denne situasjonen vera prega av at omsorgssviktsforeldra ikkje vil vera så samarbeidsvillige og at dermed kontakten mellom skule og heim vert dårleg. Men slike mikrosystem kan etter mi meining også vera ein beskyttande faktor i det at personalet på skulen kan få mistanke om eller oppdaga at barnet vert utsett for omsorgssvikt.

Nettverket omkring barnet spelar som sagt ei stor rolle fordi barnet der kan finna faktorar som kan vera av beskyttande effekt. Vidare vil eg sjå på den faktoren som dei fleste forskarar framhever som mest sentral i barnet sitt nettverk, derfor vil eg i neste del ta for meg ”den meiningsfulle andre”.

### 5.3.2 Den meningsfulle andre

Bunkholdt (2000) får fram at tidleg omsorgssvikt vil ramma dei personlege kjenneteikna hos barnet. Døme på dette kan vera at barnet får liten tillit til seg sjølv som verdt å elska, dei mistar respekt for andre menneske som omsorgsfulle og til å stola på. Men dette negative mønsteret kan snu ved at barnet finn liknande støtte og omsorg hos andre personar.

Den meningsfulle andre sin betydning har vist seg heilt sentral i forståinga om kva faktorar som skal til for å verta eit meistrande barn. Dersom ingen av foreldra kan leva opp til si rolla som foreldre har det vist seg at barnet har ei evne til å finna surrogatforeldre i omgjevnadane. Dette er personar som kan formidla ting som ikkje barnet sine foreldre kan tilby (Furman, 2000). Vidare går dette tilbake til den viktige funksjonen eit støttande nettverk kan ha. Slik at barna kan finna den viktige andre i nettverket.

Ein person som Bronfenbrenner ser på som spesielt verdifull for barn og unges utvikling, er ein ”mentor”; eit uttrykk som Bronfenbrenner nyttar om ein vaksen, erfaren person, som ikkje er mor eller far. Ein person som fungerer som ein venn, rådgjevar, støttekontakt og rollemodell for barnet. Undersøkingar visar at dersom ein ungdom med håplause oppvekstvilkår har ein vaksen mentor, så er dette den faktoren som viser størst positiv verknad (Bø, 2000) Ein slik ”mentor” vert ein del av barnet sitt mikrosystem i den grad at den vert ein del av barnet sitt eige sosiale nettverk. Waaktaar og Christie (2000) poengterer også at dei barna som klarar seg best har hatt minst éin meningsfull person som har følgd dei gjennom oppveksten og som har vist at dei bryr seg om barnet. Denne personen har ofte ikkje kunna eller villa gjort noko med sjølve belastninga som barnet stadig vert utsett for, men personen har gjeve barnet ein positiv kontakt som er stabil over tid. I boka ”Løvetannbarna” har forfattarane Ringheim og Throndsen (1997), laga ei samling av historiar som er fortalt av barn som har vokse opp under harde oppvekstvilkår men som tross alt har klart å verta velfungerande individ. Personane som fortel i denne boka har hatt sine nøkkelpersonar som har støtta dei sjølv i dei tyngste motbakkar. Vidare seier dei også at for nokre barn har det dreia seg om små glimt av forståing, varme og respekt. Det kan vera tilfeldige møter med personar som dei har kjent tryggleik til og som har fått dei til å opna seg, desse tilfeldige møta har hatt stor beskyttande effekt. For andre barn har det vore meir vedvarande og aktive møter med mennesker som vert avgjerande støttespelar ovanfor barnet over tid.

Læraren kan vera ein slik meningsfull annan; dei står fram som ein eleven kan stola på, som er der og snakkar med barnet og hjelper barnet med problema. Borge (2003) får fram at ein

oppmerksom lærar kan bidra til auka sjølvtilitt hos barnet, slik at skulen fungerer som erstatning for problema i heimen. Killèn (2004) og Bø (2000) påpeikar også at trygg tilknyting til ein lærar kan vera redninga for nokre barn. Bø (2000) viser vidare at læraren kan bety noko heilt spesielt for barnet. Læraren inngår i nettverket til barnet, og barnet kan føla at det får støtte langs det nettverksbandet som knyt dei to saman. Borge (2003) får fram at ros og oppmuntring frå vaksne kan ha ein beskyttande effekt. Dersom barnet ikkje får dette heime kan det som sagt få det av ein lærar eller ein av personalet i barnehagen. Dette samspelet kan fremja forhold som ligg til rette for ein god personlegdomsutvikling hos barnet, den meiningsfulle andre kan vera vesentleg for at barnet skal kunna nå fram til eigen erkjenning om kven dei er, dei kan gje barnet trua på seg sjølv slik at dei får eit betre sjølvbilete.

Det å ha sterke band til si eiga slekt kan vera ein beskyttelsesfaktor for barn som lever i familiar under belasta forhold (Waaktaar og Christie, 2000). Gjennom nære slektningar kan barnet få den støtta og omsorga som dei manglar i heimen. Nære slektningar kan dermed verta ein meiningsfull annan for barnet.



## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg freista å sjå på kva beskyttelsesfaktorar som kan føra til at nokre barn er meir motstandsdyktige enn andre barn når det gjeld å meistra omsorgssvikt. For å kunna belysa dette har eg utført eit litteraturstudie ved å samla inn primær og sekundærlitteratur. Eg har nytta meg av teoretiske tilnærmingar som resiliensomgrepet, utviklingspsykologi, tilknytningsteori og det utviklingsøkologiske perspektivet.

Resiliensutviklinga er eit resultat av ein lang og samansatt prosess. Det er mange faktorar som spelar inn for å beskytta barnet mot konsekvensane av skadelige omstendigheit i heimen. Det er ei rekkje faktorar som verkar saman og påverkar barnet. Gjennom tilknytning til omsorgspersonane utviklar barnet sin særeigne personlegdom, som igjen vert avgjerande for korleis ein vert som individ. Nokre barn vert sterke og motstandsdyktige, medan andre er svake og bryt saman når dei møter motstand. Typisk for dei meistrande barna er at dei dannar trygg tilknytning til ein eller fleire personar som igjen er med på å styrka sjølvtiliten deira. Dersom barnet ikkje kan finna denne omsorga i familien, kan det verta tilfredsstilt med å finna dekkande støtte i nettverket. Den meiningsfulle andre er sin slik person som kan fremja barnet sin motstandskraft. Dette er av beskyttande effekt for om barnet klarar å snu den negative utviklinga i positiv retning. Det at barnet er utrusta med lett temperament er ein beskyttelsesfaktor i seg sjølv når det gjeld å veksa opp i ein heim der ein vert utsett for omsorgssvikt. Pågangsmotet og stå på viljen hos barnet til å bekjempe risikoen kan også vera ein beskyttande faktor.

Det er barna som representerar samfunnet si framtid, derfor er det viktig å få dei sterkare fram på dagsorden. Det er dei som er morgondagen sine leदारar, dei skal føra samfunnet vidare. Samfunnet bør derfor auka forståing for kva faktorar som fører til at nokre barn sigrar på denne måten. Ved å visa disse meistrande barna interesse og sjå på dei prosessane som ledar til sunn utvikling, kan ein som barnevernspedagog få viktig informasjon og kunnskap som igjen kan nyttast i førebyggjande arbeid. For det er vår oppgåve å sikra barnet ei trygg utvikling og hjelpa dei til meistring og eit godt liv. Alle barn har rett på ein god oppvekst, likevel veit me at det ikkje er slik i dagens samfunn. Derfor er det viktig at me rettar fokus mot det positive og fremje dei sidene som støttar barnet når foreldra ikkje strekk til.

## Litteraturliste:

Bjerke, Tore og Svebak, Sven (2003) *Psykologi for høgskolen.*

Ad Notam Gyldendal AS

Borge, Anne Inger Helmen (2003) *Resiliens, risiko og sunn utvikling.*

Gyldendal Norsk Forlag AS

Bunkholdt, Vigdis (2000) *Utviklingspsykologi.*

Universitetsforlaget

Bø, Inge (2000) *Barnet og de andre. Nettverk som pedagogisk og sosial ressurs.*

Universitetsforlaget

Dallan, Olav (2002) *Metode og oppgaveskriving for studenter.*

Gyldendals Akademiske, Oslo

Egidius, H (1996) *Psykologisk leksikon.*

Norsk utgave Tano Aschehoug 1996

Elsborg, S, Hansen, T og Hansen, V (1999) *Den sociale arv og mønsterbrydere.*

Danmarks Pædagogiske Institut, København

Furman, Ben (2000) *Det er aldri for sent å få en lykkelig barndom.*

Pedagogisk Forum, Oslo

Gjærum, B, Grøholt, B og Sommerschild, H (1998) *Mestring som mulighet i møte med barn, ungdom og foreldre.*

Tano Aschehoug

Jacobsen, Dag Ivar (2000) *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode.*

Høyskoleforlaget AS

Killèn, Kari (2000) *Barndommen varer i generasjoner, forebygging er alles ansvar.*  
Komuneforlaget AS, Oslo

Killèn, Kari (2004) *Sveket. Omsorgssvikt er alles ansvar.*  
Kommuneforlaget AS

Ringheim, G og Throndsen, J (1997) *Løvetannbarn. De klarte seg-mot alle odds.*  
J.W Cappelens Forlag A.S

Waaktaar, T og Christie, H (2000) *Styrk sterke sider. Håndbok i resiliencegrupper for barn med psykososiale belastninger.*  
Oslo, Kommuneforlaget

Aamlid, Kjersti (1993) *Tilknytningsteori. John Bowlbys tilknytningsteori.*  
Undervisningskompendium til bruk på ”Småbarnspedagogikk 0-3 år”  
BVA, januar 1993